


# Viksdalen skule

«Viksdalen skule skal vere ein god og triveleg skule for alle» -  
Rektor Jorunn Hope.



## Dagens organisering

### Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting




	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	36	26	28	-8
Kapasitet	100			
Kapasitetsutnytting i prosent	36%	26%	28%	
Ledig kapasitet	64			
Gjennomsnittleg klassessorleik	12			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	7,6			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	10,1			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	6,9			
Barn i SFO	2 av 8 som utgjer 25%. SFO er organisert i barnehagen.			

## Vedlegg 16 Bemanning

Lærarårsverk	7,5
Leiarressurs årsverk	0,82
Snittalder	45,5
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Personell med psykososial kompetanse

## Økonomi

Rekneskap 2022	kr	8 106 807
Budsjett 2023	kr	7 931 519
Rekneskap 2023	kr	7 780 598
Budsjett 23 utan SFO	kr	7 840 344
Rekneskap 23 utan SFO	kr	7 701 857
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr	213 940



## Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehage	Viksdalen barnehage. Det er òg born i Viksdalen skulekrins som nyttar barnehagen på Holsen.
Tilknytning til andre kommunale tenestetilbod	I bygdehuset finn vi ein bibliotekfilial. I tillegg er det den kommunale barnehagen som ligg like ved.
Bustad og næring	Vikja har avgrensa med bustadkapasitet utanfor det som er definert som sentrum. Fortetting i sentrum vil gje vekst, men truleg ikkje attraktivt for småbarnsforeldre. Utanfor sentrum har vi nokre LNF-spreidd som kan vere meir attraktivt for småbarnsforeldre. Ingen areal er sett av til næringsareal, men det er nokre områder sett av til LNF-spreidd næring. FAU melder at det er ledig kapasitet i eksisterande bustadar i Viksdalen.

## Bygningsmasse

Byggjeår	1962 (påbygg 1997)
Areal	1496
Teknisk stand /oppgraderingbehov	God bygningsteknisk tilstand, men har betydeleg behov for byte av bygningsdelar som varmesystem, vindauge, tak, generell overflatebehandling. Deler av skulen har Bergvarme - og elektriske omnar/oljekjel. Elles gamal. Kan spare mykje energi ved gode tiltak.

## Andre forhold

Avstand Førde sentrum	39,4 km
Avstand til Holsen skule	18,4 km
Avstand til Førde ungdomsskule	40,3 km
Avstand til Vassenden skule	37,7 km
Avstand til Sande skule	24,1 km
Forhold ved skulevegen	31 av elevane har skuleskyss, 7 av dei grunna kommunalt vedtak. Det er ikkje gode tilhøve for fotgjengarar kring skulen.



## Vedlegg 16

	NB: I innspela er det poengtert at avstanden til dei andre skulane gjeld frå Viksdalen skule. Enkelte elevar vil få betydeleg lengre avstand til dei nemnde skulane.
--	--

## Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

*Dette er vi tilfreds med*

- Skulen har høgt kvalifisert og stabil lærarstab som tilbyr variert og innovativ undervisning.
- Liten skulestorleik gjev godt kjennskap til elevane og deira behov, som igjen fører til god tilpassing av undervisning.
- Bruk av lokale ressursar som uteområde og samarbeid med lokalsamfunnet gjev eit rikt læringsmiljø.
- Små elevgrupper som gjer det mogleg for lærarane å gi personleg oppfølging og tilrettelegging.
- Skulen klarer å integrere elevar med særleg behov godt inn i fellesskapet.

*Forbetringsområder*

- Variasjon i undervisningsmetodar og -arenaer kan aukast.
- Utforsking og bruk av digitale hjelpemiddel og oppfølgingsplanar for elevar med særleg behov kan forbeistrast.

### Organisasjonsmessige forhold

*Dette er vi tilfreds med*

- Effektiv organisering av skuledagen som reduserer stress for elevar, med fri onsdag for småskulen.
- Sterk kompetanse hos personalet, med fokus på vidareutdanning.
- Valfag som gir elevane moglegheit til fagleg og sosial utvikling.
- Samarbeid på tvers av aldersgrupper fremjar eit inkluderande og rikt læringsmiljø.

*Forbetringsområder*

- Justere reglar for valfag for å betre passe til skulen sin kontekst og størrelse.
- Forbetre samarbeid med eksterne ressursar som lokale bedrifter for meir fleksible og relevante valfag.

### Skulen i lokalsamfunnet

*Dette er vi tilfreds med*

- Skulen er ein integrert og viktig del av lokalsamfunnet, med aktiv deltaking i rekruttering av nye innbyggjarar.
- Bidrag frå lokalsamfunnet i form av råvarer og ressursar til skulen.
- Skulen er ein samlingsstad og bidrar til eit levande lokalsamfunn med tett samspel mellom ulike generasjonar.

*Forbetringsområder*

- Større handlingsrom for skulen til å utnytte ressursar i bygda, kan styrke samspelet med lokalsamfunnet.



## *Vedlegg 16*

### **Andre innspel**

- Sikre økonomiske rammer som støttar opp under kvalifisert personale og små klassar.
- Tilpasse skuledrifta til lokale føresetnader og utnytte styrkane til ein liten skule.
- Vurdere endring av kringsgrenser for å auke elevtalet og tilby fleksible løysingar for tilbakeflytting av ungdomstrinnet.
- Fremje ein heilskapleg tankegang der skulen blir sett i samanheng med lokalsamfunnet og den breiare kommunale strukturen.

## **Prosjektgruppa si oppsummering**

### **No-situasjonen**

Viksdalen skule står fram som ein skule med eit høgt kvalifisert og stabilt personale som tilbyr variert og innovativ undervisning.

Då skulen er relativt liten, har dei tilsette god kjennskap til kvar enkelt elev og legg tiltrette undervisninga for å møte deira behov. Små elevgrupper bidrar til individuell oppfølging og integrering av elevar med særlege behov.

Skulen nyt godt av lokale ressursar og eit nært samarbeid med lokalsamfunnet, noko som har positiv betydning for læringsmiljøet. Organiseringa av skuledagen, med blant anna fri onsdag for småskulen, reduserer stress og skapar ein effektiv skulekvardag.

Skulen har ei sterk posisjon i lokalsamfunnet, bidrar til aktiv rekruttering av nye innbyggjarar og er ein sentral samlingsstad. Økonomiske rammer og lokal tilpassing av undervisninga blir løfta fram som viktige for å oppretthalde kvaliteten på skulen.

### **Kva kan dette bety for skulen i framtida**

#### *Pedagogisk*

- Små elevkull kan ha visse pedagogiske styrkar som individuelt tilpassa undervisning, fleksibilitet i tilpassing av undervisningsplanar, sterkare relasjonar og mindre administrativt arbeid.
- Små elevkull kan også ha negative effektar som avgrensa sosiale interaksjonar, redusert tilgang til ressursar, og manglande pedagogisk utvikling, då det manglar nye perspektiv og idear som igjen avgrensar innovasjon og fornying i undervisningspraksisen.

#### *Organisering*

- Skulen har ledig areal og det kan vurderast om barnehagen skal flyttast til skulen. Då vil ein kunne ha økonomiske gevinstar knytt til samdrift, og ein får samlokalisert SFO med skulen, noko som kan auke kvaliteten på SFO-tilbodet.
- Ein bør vurdere om det er pedagogisk forsvarleg å ha så få elevar på ungdomssteget. Det er i dag 12 elevar på 8.-10.

#### *Lokalsamfunn (Struktur)*

- Vurderingar omkring strukturelle endringar, som endring av kringsgrenser eller samlokalisering med andre institusjonar, kan vere avgjerande for å sikre skulen si rolle i bygda og for å oppretthalde ein høg kvalitet på undervisninga.



### *Vedlegg 16*

- Samarbeid med lokalsamfunnet kan styrkast ved å utnytte lokale ressursar meir og ved å skape større handlingsrom for skulen til å tilpasse seg lokale behov og styrker.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på ([Lenke til websak-postlista](#))